

Askvoll Leirdueklubb

Referat årsmøte i Askvoll LK 02.04.2024

Stad: Leirduebana i Skorva

Til stade: Ida Sofie Ekornrud, Torbjørn Leknes, Gunnar Leknes, Kåre Leknes, Magnar Leknes, Arild Grytten og Eirik Leknes

Innkalling

- Det var ikkje merknadar til innkallinga, og denne vart godkjent
- Magnar Leknes vart vald som ordstyrar, og Eirik Leknes som referent

Rekneskap og økonomi

- Rekneskapen vart funne i orden av revisorar Ingvild Leknes og Sissel Grytten. Klubben kan vise til eit overskot på 11 333,79, og eigenkapital pålydande 188 966,62. Det vart gjort framlegg om å nytte rekneskapet for fjoråret som grunnlag for årets budsjett
- Styret gjorde framlegg om at medlemskontingenten for seniorar vert auka til 450 kr, medan kontingenten for juniorar er uendra. Dette vart einstemmig godkjent på årsmøtet. Bakgrunn er at Idrettsforbundet har vedteke å auke kontingenten for seniorar til 450 kr, frå og med 2024
- Styret gjer framlegg om at Leirdueklubben sponsar klubbens juniorar og damer (ut året ein fyller 26 år) for ammunisjon og påmelding på nordisk trap stemner vi arrangerer. Dette vart einstemmig godkjent på årsmøte.
- Merknad: Styret disponerer ein pott på 10 000,- for inneverande år, som kan rettast mot rekrutteringstiltak.

Årsmelding

- Årsmeldinga vart opplesen og godkjent. Årsmeldinga til Askvoll LK, ligg tilgjengeleg for nedlasting på Askvoll JFL sine nettsider ([Askvoll JFL \(njff.no\)](http://AskvollJFL.njff.no)).

Val i medhald til føreskrifter

- Valkomiteens innstilling pr. 02.04.2024
Leiar: Magnar Leknes (1 år)
Nestleiar: Ida Sofie Ekornrud (På val i 2025)

Kasserar: Eirik Leknes (På val i 2025)

Styremedlem: Torbjørn Leknes (2år)

Ansvarleg for politiattest: Torbjørn Leknes (1 år)

Vararepresentant: Kåre Leknes (På val i 2025)

Martin Leknes går ut som leiar av valnemnda, og Gunnar Leknes vart vald inn som vara i valnemnda. I 2024 består valnemnda av følgjande:

Loyd Mandelid (leiar)

Håkon Ekornrud

Arild Grytten

Gunnar Leknes (vara)

Revisorar:

Sissel Grytten (På val i 2025)

Ørjan Ekornrud (2 år)

Skorva 02.04.2024

Referent

Eirik Leknes



Arild Grytten



Kåre Leknes